

## INFORMASJON OM SKULEFRITIDSORDNING (SFO) og LEKSEHJELP I VANG KOMMUNE SKULEÅRET 2024-2025

### SFO-TILBODET

Skulefritidsordninga er eit omsorgs-, tilsyns- og aktivitetstilbod for 1.-4. klasse og for barn med særskilte behov i 1. – 7. klasse.

#### Opningstider:

Før skulen: frå kl. 7.15 fram til skulestart

Etter skulen: til kl.16.30

I skuleferie-veker: 08.00 – 16.00

**Minstetal for at SFO-tilbodet blir reelt er 4 elevar.** (Påmelde elevar på morgon- og ettermiddagstilbodet blir telt kvar for seg.)

Om 4 eller fleire søker tilbodet blir det SFO i haust- og vinterferien og to veker (veke 25 og 26) etter skuleslutt i juni og ei veke i august (veke 32) før planleggingsveka for skule og SFO. Talet på søknadar blir vurdert for kvar veke.

#### Betalingssatsane for SFO er frå 01.08.2024:

- SFO-plass i skuleåret (aktuelle dagar registrerast i Visma Flyt Skole): - gratis.
  - SFO-plass, berre morgon
  - SFO-plass, berre ettermiddag
  - SFO-plass morgon + ettermiddag
- SFO-enkelt dag i skuleåret - gratis
- SFO-plass, 1,5 dag i ferieveke, 1. og 2. klasse - gratis
- SFO-plass i ferieveke, 1. og 2.klasse, pr. 19.8.2024 (12 t gratis): - kr 1172,- pr. veke
- SFO-plass i ferieveker, 3. og 4. klasse, pr. 19.8.2024 : - kr 1675,- pr. ferieveke

Ved oppseiing av SFO-plass i ferie som er bestilt ved bindanede påmelding, blir plassen fakturert uavhengig av bruk.

For elevar i 1.-4. klasse kan det søkast om redusert foreldrebetaling dersom betaling for SFO-plass vil utgjere meir enn 6 % av inntektene til hushaldet.

For elevar med særskilte behov på 5.-7. årstrinn er det mogleheit for gratis SFO-plass.

#### Påmelding til SFO:

Søknad i **hovudopptaket for skuleåret 2024-25** må registrerast elektronisk i «føresettportalen» i Visma, innan **søknadsfristen 25. april 2024**. Link til søknad i føresettportalen finn du her:

<https://www.vang.kommune.no/tenester/utdanning-og-kultur/utdanning/skulefritidsordning-sfo/>

Søknad til SFO i skuleferien skjer i forkant av kvar ferie etter informasjon til føresette i Visma.

- Søknadsfrist for ferieveker sommaren 2024 (veke 26, 27 og 32 ): **10. mai 2024**.
- Søknadsfrist for haustferien (veke 41): **13. sept. 2024**.

### LEKSEHJELP

Kommunen har eit tilbod om leksehjelp etter skuletid for elevar i 3.,4., 5. og 6.klasse. Tilbodet er gratis. Leksehjelpa er eit frivillig tilbod.

#### **Leksehjelp skuleåret 2024-2025:**

##### **VBU:**

Måndag: kl. 13.40 – 14.40

Onsdag: kl. 13.40 – 14.40

**Skuleskyss etter leksehjelp:**

I følge Opplæringslova har elevar på visse vilkår rett til skyss etter den pliktige opplæringa. Det er ikkje nokon lovfesta rett til skyss etter tilbodet om leksehjelp, men ein vil så langt som rå leggje til rette for skyss også etter leksehjelp.

**Start- og sluttid på VBU skuleåret 2024-2025:**

Klasse	Måndag		Tysdag	Onsdag		Torsdag	Fredag
	Skuledag	Leksehjelp	Skuledag	Skuledag	Leksehjelp	Skuledag	Skuledag
1.-2.	0900-1310		0900-1440	0900-1310		0900-1440	0900-1310
3.-4.		1340-1440			1340-1440		
5.-6.	0900-1310	1340-1440	0900-1440	0900-1310	1340-1440	0900-1440	0900-1440
7.				0900-1440			
8.-10.	0900-1440		0900-1440	0900-1440		0900-1440	0900-1440